Sunnylvingen

BLAD UTGJEVE AV SUNNYLVEN IDROTTSLAG

Hellesylt, fredag 30. april 1982 — Nr. 9 – 5. årgang

SOMMARIDRETTANE TEK OVER

Så har sommar idrettane teke over for fullt. Både friidrettsfolk og fotballspelarar er i gang med dei terminfesta tevlingane sine.
Sunnylven stilte såleis tre lag i Olden stafetten, og trass i uhell gjorde alle ein fin innsats.
I dag er det og serieopning i fotball på Leikvoll, der gutelaget møter Godøy.

Sist desse laga møttest, vart resultatet 4-4 i ein spanande kamp, og det er lov å vente ein underhaldande kamp. Gutelaget har synt fine takter i treningskampane.
Elles er det avvikla ein del treningskampar sidan sist, og det kan sjå ut som om alle serielaga våre er i framgang.

Stafettløparane står framfor to av dei største oppgåvene dei to komande helgane. Først dreg to lag til Breim, og helga etter er det klart for »Vårens vakraste eventyr » – Holmenkollstafetten På sportssida kan vi sjå kva lag Sunnylven stiller i stafettane.

Transportstreiken:

FÅ SKADEVERKNADAR *I SUNNYLVEN*

Etter vel ei veke med transport konflikt, er det berre små skadeverknadar som kan merkast i Sunnylven. Dei som »lir» mest under streiken, er utan tvil dei som er ute av arbeid enten grunna streik eller lock-out. Dei må klare seg med tilskot i underkant av kr. 500 pr. veke, og det er ikkje mykje å leve av.
Etter at det første konfliktdagen var tilløp til hamstring av bensin og matvarer, har dei fleste slege seg til ro med at forsyningane nok kjem fram, og det er ikkje lenger køar å sjå ved bensinpumpene.
Sunnylvingen har teke ein telefonrunde til ein del bedrifter på Hellesylt for å høyre korleis dei merkar streiken.
Ved meieriet og slakteriet går produksjonen som normalt, får vi opplyst. Dei køyrer råstoff og ferdige produkt med sine eigne bilar, og så lenge dei har drivstoff kan dette pågå utan særlege vanskar. Men dei fryktar t.d. maskinhvari, då det vil vere vanskeleg å skaffe reservedelar og service.
All gods- og personkøyring med buss har stogga opp, dette gjeld og køyring av skuleborn. Men frammøtet ved skulen har vore svært godt likevel, då foreldra organiserar skuleskyss. Enkelte elevar har og funne fram sykkelen, og nyttar denne til skulen.
–Vi har heller ikkje hatt nemnande vanskar grunna konflikta, seier Rolf Sæten ved Formvac A/S. –Vi har råstoff for ein 14- dagars tid på lager, men kan sjølvsagt få vanskar om streiken vert langvarig.
Det same opplyser Ivar O Aasen ved Møbelfabrikken A/S. Dei og har råstoff for ei kortare periode, men får verken råstoff inn eller varer ut.
–Førebels har det ikkje vore vurdert å skjere ned på produksjonen, seier Aasen, men det kan bli aktuelt på kort varsel om streiken held fram enno ei stund.

NEPPE BARNEHAGE TIL HAUSTEN

Det har som kjent tidlegare vore prøvt å få i gang ein barnehage i Sunnylven, utan at dette lukkast Barnehagenemnda har no fått eit godt tilbod om leige av Sunnylvsbygda Grendahus til barnehage. Og sanitetslaget og husmorlaget i bygda har kome med oppmodingar om å få i gang ein barnehage.
Gjennom eit spørjeskjema er interessa for barnehage kartlagt og 12 har sagt frå at dei ynskjer å ha born i barnehage alt frå hausten av. Yttarlegare to kan vere interesserte på eit seinare tidspunkt. I merknadar på skjemaet har likevel fleire ført på at dei grunna vanskar med skyss helst såg at barnehagen kunne ligge i sentrumsområdet.
Olav Slettebak ved skulekontoret opplyser at det likevel nok ikkje vert starta barnehage på Hauge til hausten, då det ikkje er midlar budsjettert til dette. Einaste måten å få dette til på må vere om eit eller fleire lag tek på seg å forskottere utgiftene for kommunen, til det kan verte avsett midlar, seier Slettebak.

SJELDNE (GJESS-)TAR

Det var sjeldant besøk vi fekk i helga, då to canadagjess slo seg ned inne på Øyrane eit par dagar. Canada-gåsa, som vel er den største vill-gåsa i verda, lever i vill tilstand i det nordlege Nord- Amerika i Sibir og på Grønland.
Men det var nok utsette fuglar som var på streif innom Hellesylt. For fuglane var så ty at ein kunne kome dei på ein par meters hald. Ein av dei var og ringmerka. Ei canadagås vart og observert i Nordfjord nyleg, og det er truleg denne med make som no var innom Hellesylt.
–At dette er fugl som har vore utsett, er den kjende fugleeksperten Alv Ottar Folkestad og heilt samd i. Men han kjenner likevel ikkje til at det er observert canadagjess i dei indre fjordbygdene før. Nokre eksemplar er tidlegare sett ute på øyane.
Folkestad seier vidare at dette kan vere fuglar som er utsette – eller avkom av slike – frå Sunnfjord eller Sunndalsøra. På desse stadane er og desse fuglane funne hekkande. Sidan det no er tid for å finne reirplass, vil ikkje Folkestad utelukke at fuglane kan kome til å hekke her i området. Øyrane vil kunne vere ein eigna plass for dette. Folkestad fortel elles at avkom etter utsette canadagjess vil kunne bli tamme, slik som foreldra, viss dei ikkje vert skremde, og at den gåsa som ikkje var ringmerka, godt kunne vere avkom av ei utsett gås.

Kom innom og se årets nye modeller!
Introduksjons - pris
FRODE'S sport as
SPORTSENTER PÅ STRANDA
Tlf. 60 890 - Privat 60 959
Cómmuniqué RRA 35

Premieinntektene våre blir plasserte i bankane i distriktet og kjem derfor distriktet til gode.
GJENSIDIGE forsikring
NAF
INDRE SUNNMØRE GJENSIDIGE BRANNTRYGDELAG
Forsikringskontoret for fjordbygdene
Tlf. 60 246 – 60 418
Stranda

Aksjon mot vold og pornografi

Fellesaksjonen mot pornografi og prostitusjon aksjonerer i desse dagar for fire krav:

—Stans salet av videovold.
– Strengare handheving av lovbestemmelsane mot porno.
– Effektive tiltak for å hindre prostitusjon.
– Hjelpe prosjekt for prostituerte !

Det er ei rad organisasjonar som er med i denne fellesaksjonen, m.a. Norges Bondekvinnelag, som har stått for aksjonen i Sunnylven.

Pauline Røyrhus, formann i Sunnylven Bondekvinnelag, opplyser at dei har vurdert ulike aksjonsmåtar her i bygda, men har festa seg ved ein underskriftsaksjon. Samstundes med at folk skreiv under på lista, vart dei og oppmoda om å gje ei friviljug pengegåve til dette arbeidet. Aksjonen har så langt samla 278 under - skrifter, fortel Røyrhus.

Som innleiing på underskriftslista heiter det: Pornografien sitt innhald er at kvinner er seksualobjekt for menn. Vold mot kvinner er blitt meir vanleg i pornografien. Barn har lenge blitt brukt for å høyne profitten.Til tross for enkelte tiltak frå styresmaktene si side, får pornoindustrien vokse i fred.

Mesteparten av videoproduksjonen består av vold og porno. Drap og mishandling vert skildra i detalj. Dette er ikkje underhaldning.

Prostitusjon er sal av menneske. For prostituerte betyr det et liv i fornedring og elende. Hjelpeprosjektet for prostituerte i Oslo har synt at behovet for hjelp er stort.

På bakgrunn av dette vert så folk oppmoda om å stø aksjonen med si underskrift og eventuelt eit friviljugt betalt pengebeløp.

Årsmøte i Samfunnshuset

Årsmøtet i P/L Sunnylven Samfunnshus vart avvikla 21. april. Berre 16 representantar med røysterett møtte, og det vart på årsmøtet kritisert at dei einskilde lag ikkje varsla Samfunnshuset om kven dei hadde valt til utsendingar slik at desse kunne bli kalla inn.

Elsa Ljøen ønskte velkomen, og ordførar i representantskapen, Asbjørn Saarheim, leia møtet.

Elsa Ljøen refererte årsmeldinga, som vart samrøystes godkjent.

Det vart og rekneskapen som Roger Tryggestad refererte. Den synte eit overskot på om lag kr. 3.000.

På møtet var spørsmålet om å reise eit tilbygg til samfunnshuset oppe, og det vart vedteke å freiste få fortgang i denne saka no. I den samanhang vart det nemnt at ein måtte ordne planane slik at det vart vindu inn på kjøkkenet, når nybygget kom.

Inge Røyrhus kom med framlegg om at det måtte kjøpast inn nytt billettutstyr, og styret fekk fullmakt til å undersøkje prisar og eventuelt gå til innkjøp av slikt utstyr.

Vala gav dette resultat:

Formann: Elsa Ljøen, v.m. Torunn Hauge. Fred. Stadheim v.m Fredrik Helset.

Johanne Matvik v.m. Per Langeland.

Ivar Frøysadal v.m. Aslaug Kjellstad.

Kirsten Gjørvad v.m. Annvor Tryggestad.

Revisor: Arnfinn Tryggestad.

Ordførar i representantskapen: Asbjørn Saarheim, v.m. Ole Hole

Nytt medlem i husstyret: Liv Jorunn Sporstøl v.m. Johanne Matvik.

Kontrollkomite: Kåre Hellesylt, Erling Rusten og Rolf Sæten.

Valkomite:

Erling Rusten, Gunnar Vollset, Margit Hellebostad, Håvard Tryggestad og Per Ottar Almе.

HØY
TIL SALS
Kr. 1.50 pr. kg.
pluss moms
LARS HOLEN
Tlf. 63293.

Sikker på veien

Norge er ikke akkurat kjent for stabilt vær, det skifter fra time til time og fra sted til sted. Spesielt har vi mye regnvær. Nettopp derfor bor du velge Gislaved! Tester gjort ved Karlsruhe-universitetet i Tyskland forteller at hittil har ingen vist bedre egenskaper pa vat vei. Siste nytt: En fersk svensk TV-test gir Gislaved beste karakter ogsa nar det gjelder a 'spare drivstoff!

Gislaved
på vått og tort

Motorhuset
6200 Stranda. Telefon 60 162

Sunnylven Vilt- og Fiskelag:

- SKAL SETJE UT 15 000 YNGEL

Årsmøtet i Sunnylven Vilt - og Fiskelag vart avvikla på Ringdals kafe sist laurdag.

Formannen i laget, Ivar Frøysadal, ønskte velkomen og refererte årsmeldinga.

Av årsmeldinga går det fram at det har vore halde 3 styremøte med 11 bokførte saker. I tillegg har det vore halde eit sammøte med Sunnylven Bondelag og kontaktutvalet angåande kraftutbygging i Sunnylvsbygda. Det vart på dette sistnemnde møtet vedteke ei fråsegn som kravde at ei eventuell utbygging av Bygdaelva vert handsama saman med vassdrag som går inn i ein samla plan for energiforsyninga i fylket.

I februar hadde utmarkslaget i Møre og Romsdal ein møteserie . Ein representant frå laget deltok på møte i Ørsta. Det synest vere stor interesse for auka aktivitet på utmarkssektoren mange stader, og interesse for å ta vare på grunneigarinteressene i utmarkslag. Det vil nok i dei fleste tilhøve vere beste måten å få ei god utnytting av utmarka og å skape ei rettvis fordeling av inntektene som utmarka kan gje. Det er vel eit faktum at det offentlege stadig sterkare tek med utmarka i planlegginga. Brukarorganisasjonane er sterke, og grunneigarane vil nok oftast stå best om utmarka er organisert gjennom utmarkslag. Ein må nøye følgje med i utviklinga i denne sektoren, heiter det i årsmeldinga.

Det vart ikkje utsett yngel i 1981, men ein tek sikte på eit større utsett komande sommar.

Ved byrjinga av av forrige fiskesesong vart det innsett ei orientering i »Sunnylvingen» om reglar som gjeld for kræefisket. Rapportar tyder likevel på at ein del personar driv fiske utan fiskekort. Ein finn grunn til å oppmode alle grunneigarar til å påsjå at slekt, vener og andre som dei ser fiskar, også kjøper fiskekort.

Når det gjeld sal av jakt og fiskekort, så har 1981 vore eit jamnt bra år, spesielt har jaktkortsalet auka mykje. Overskotet vart kr. 3457,-.

Kasseraren opplyser elles at det er første året det er om lag like stort sal i begge sonene.

Det er siste året utbetalt skotpremie for 22 minkar a kr. 50,-

Kasseraren, Leif Fivelstad, refererte rekneskapen, der han m.a. peika på at eit par feilposterte uttak som det no var ynskjeleg å rette opp. Dette vart teke opp som eiga sak og samrøystes godkjent. Rekneskapen vart og samrøystes godkjent.

Ved vala sa Jon Tryggestad frå seg attval, og Tor Tryggestad kom inn i styret. Styret har no denne samansetjinga: Ivar Frøysadal (form.), Leif Fivelstad, Fredrik Helset, Jørgen Wollsæter og Tor Tryggestad.

Revisorar er: Knut Fivelstad og Andreas Brekke.

Utsending til Sunnylven Samfunnshus: Jon J Tryggestad.

Prisane på jakt og fiskekort vert elles etter vedtak på årsmøtet haldne uendra neste år og.

Styret hadde rådd til at ein skulle ta bort årskortet for jakt. Men etter ein del diskusjon vart det vedteke at det skal seljast årskort, med unnatak for Ljøfjellet og Muldskreddalen. Her blir det døgnkort med begrensa sal om det skulle vere behov for dette. Styret i laget må avgjere ei eventuell begrensing i talet på kort som vert selde. Årsaka til ei slik avgrensing er m.a. dei problem som grunneigarar har hatt med omsyn til beiting o.a.

Det vart vedteke ein skotpremie på mink på kr. 50,- og likeeins ein skotpremie på rev på kr. 50,- Dette siste som ei prøveordning for eit år.

Styret hadde og kome med framlegg om utsetjing av 15000 yngel i 1982,og dette vart drøfta og godkjent på årsmøtet.

SKIDAG I TERDALEN

Skuleelevane ved Sunnylven Skule fekk i grunnen eit fint plaster på såret for det elendige påskeveret, då dei første tysdagen etter påske drog på skitur til Terdalen.
Den dagen fekk ein fint solskin og fint føre til turen, og trass i ein noko sjenerande vind, vart det ein flott skidag. På vegen ned att, samla ein seg og bygde ein liten hoppbakke. Og både elevar og lærarar presterte dristige svev – som som oftast enda med knall, fall og mykje moro i den lause snøen. Her ser vi Ivar Fivelstad i eit elegant svev.

Sunnylvingen

Ansvarleg redaktør:	Lars Fivelstad
Medarbeidar:	Arne Inge Tryggestad
Adresse:	Boks 21, 6218 Hellesylt
Bladpengar:	Kr. 85,- pr. år.
Postgirokonto:	3 54 65 53
Bankgirokonto:	3974. 07. 02622
Sats og montasje:	Trygg Trykk, Hellesylt
Trykk:	Cylindertrykk, Sykkylven

VEDTAK I KOMMUNESTYRET

Etter at kommunestyret først måtte utsetje møtet sitt i Liabygda, grunna vertilhøva, fekk dei no avvikla møtet førre onsdag. Ein del vedtak som vedkjem Sunnylven vart gjorde på møtet. Vi har tidlegare omtala formannskapstilrådingane i sakene, og skal berre her ta med vedtaka:

–Mot 8 røyster vedtok kommunestyret å anke fylkesmannen sitt vedtak når det galdt stadfestinga av reguleringsplanen for Ringdalsåsane.

–I tråd med eit samla formannskap, gjekk også kommunestyret samrøystes inn for at tilbodet frå Sunnylven Samyrkelag om å føre opp nytt kaihus, vert vedteke. Samyrkelaget skal og ta over ekspedisjonen av Hellesylt kai.

–Hellesylt Turisthotell får utsetjing med betaling av tomterefusjonen sin på om lag kr. 116.000

–Hildur Vollset er tilsett som styrar ved Aldersheimen. Denne stillinga har ho og tidlegare hatt. Reidun Tryggestad og Gunnvor Parr deler ei assistentstilling.

–Kommunestyret har vedteke at vel 10.000 kroner vert løyst frå det såkalla Kapellfondet, slik at beløpet kan gå inn i kjøpet av nytt orgel til Sunnylven Kyrkje.

REGULERINGSPLAN FOR RINGDALSÅSANE (*TURISTOMRÅDET*)

I samband med handsaminga av reguleringsplanen for Ringdalsåsane, har Erling Rusten sendt dette brevet til kommunen. Brevet er dagsett 10. april - 82.

Underskrivne er kjend med at planen for Ringdalsåsane er komen attende til kommunen, og burt sett frå »Turistområdet» har fylket stadfesta planen.

Fylket ber kommunen om å vurdere dette området på nytt, og då med tanke på å nytte nemnde areal til miljøtiltak for tilstøytande tomtefelt til friområdet og turistfeltet.

Eg er svært takksam for at Stranda kommune ser positivt på den turistverksemd underskrivne etablerte på den innregulerte turisttomta i den utarbeidde planen for området.

Bygningsråd og formannskap ser også etter ny handsaming av planen positivt på å gje turistverksemda turvande areal for framtida, og eg vonar og at kommunestyret står på sine tidlegare vedtak.

Eg ser med stor undring på den avgjerda planavdelinga og fylkesmann tok ved fyrste gongs handsaming av denne saka.

Skal dette svaret verte det endelege frå fylket, er det i røynda ein klar beskjed om å avvikle ei turistverksemd som har synt seg å vere liv laga.

Sunnylven har eit svakt utbygd næringsliv, og kommunen har kjempa seg til ein utbyggingsstatus for dette området, og dette mellom anna på bakgrunn av at vi ikkje har hatt noka nyetablering på 15 år. Skal så denne verksemda som møysommeleg er bygd opp ved personleg innsats, og kommunal velvilje avlivast med eit pennestrøk ved fylket si planavdeling ? Kva slag verdi har då ein utbyggingsstatus og ei kommunal målsetjing for eit næringssvakt område ?

Utan merknad frå fylkesmannen inngjekk Stranda kommune og underskrivne i 1976 avtale om leige av hus og areal til bruk og utbygging av turist-verksemd i området kring den gamle skulen.

Underskrivne har i samsvar med dette og i samråd med kommunen, reist 13 hytter og sanitæranlegg, og ominreidd skulehuset til nemnde formål.

Vi har såleis skapt eit fleksibelt turisttilbod på staden, som år for år har hatt ei positiv utvikling – med aukande reisefrekvens.

Gjennom gode kontakter i inn- og utland, får vi oppdrag for grupper, familiar og enkelt - reisande som får tilbod om innkvartering i hytter og rom med varierande storleik, og valfritt halv/heil pensjon, eller tilgjenge for sjølvkoking.

Vi har teke det som ei stor utfordring å skape ei levedyktig bedrift, og vi er fullt ut klår over at ein også i framtida må stå på for å tilpasse produkta til dei framtidige behov. Vi har i dag over 100 senger ved anlegget.

Såleis må det vere av interesse for samfunnet og den som til dagleg skal stelle med bedrifta at ein får orden på areala og eigar/leige-tilhøva.

Den interkommunale nemnda for Norddal, Rauma, Stordal og Stranda la i 1981 fram ei vurdering av reiselivet i nemnde kommuner, og desse konkluderte med: »Det etablerte ungdomsherberge bør opprustast og utvidast. Ei begrensa utbygging av camping/ utleigehytter bør kome i dei næraste åra.»

Vi som bur her er overtydde om at ein med utgangspunkt i landskap og naturressursar skulle ha eit godt utgangspunkt for å skape nye arbeidsplassar med positive ringverknadar for næringslivet elles.

Området kring verksemda er så godt avskjerma frå annan bebyggelse som det er mogeleg, og ingen kan vel for fullt alvor meine at slike verksemder skal totalt isolerast frå allt anna. I så fall er dette i strid med opptrekte retningsliner for utvikling av reiselivsverksemda i landet vårt. Med den terrengformasjon og naturlege grenseskille som veg, fjellkjeder og arronderingsgrenser, buffersone, m.m. samt eiga avkøyrsle til Rv. 60, er arealet heilt fråskore tomtefeltet, og ligg heller ikkje etter dette på nokon måte inne i tomtefeltet.

Eg vil såleis be om at saka får ei objektiv handsaming i ly av den reelle situasjon, og innanfor kommunale og fylkeskommunale målsettingar, og slik at intensjonane i utbyggingsstatusen kjem til uttrykk i den vidare handsaming av saka.

Utan å kome inn på nokon av dei spede protestane mot denne regulering, vil eg berre syne til handsaming av desse i dei kommunale organ.

Dei folkevalde frå Sunnylven ved »Sunnylvsgruppa» har hittil handla i samsvar med fleirtalet i folket, og i samsvar med målsettinga folket skal leve vidare med.

Eg er takksam for denne klare haldninga, og vonar også at planen kan verte stadfesta i samsvar med tidlegare vedtak i Stranda kommune.

Vi ber om at dette skriv føl planen fram til stadfesting.

Stranda og Sykkylven Billag:

Statstilskota sikrar overskot

Stranda og Sykkylven Billag har nyleg avvikla årsmøtet sitt på Sunnylven Fjord Motell, der 40 aksjonærar var til stades. Billaget kan sjå attende på eit relativt brukbart driftsår. Rekneskapen vart gjort opp med eit overskot på kr. 210.000, mot eit underskot på kr. 277.000 året før. Men styreformannen Arnold Weiberg Aurdal, var likevel ikkje heilt nøgd med utviklinga i drifta, då han kommenterte rekneskapen på årsmøtet.

Den store takstauken på persontransport frå 30 til 40 % i fjor, har ikkje resultert i tilsvarande auke i inntektene. Likeeins er det ein tilbakegang i godstrafikken. Det er dei auka statstilskota som har ført til eit driftsoverskot på rekneskapen i år, sa Weiberg Aurdal.

Årsmeldinga frå selskapet syner elles at dei største inntektene kjem frå vanleg buss og godstransport med 12.6 mill. kroner, ein auke på 1 mill. Andre inntekter er ført opp med 6 millionar.

På utgiftssida er kjøp av delar og drivstoff på kr. 3,8 millionar og løner på 4,4 mill.

Selskapet har no 67 tilsette og ein vognpark på 62 einingar. SSB – reiser har hatt ei fin utvikling og har no ei omsetning på om lag 4 mill. kroner, og turkøyringa viser og ein pen auke. Årsmelding og rekneskap vart elles samrøystes godkjende på årsmøtet.

Av styret stod Weiberg - Aurdal frå Sykkylven og Oskar Jelle frå Stranda på val, og dei fekk begge fornya tillit.Odd Brunstad og Per Inge Hjelle kom inn som varamenn.

På årsmøtet vart det litt diskusjon omgodtgjerslene til formann og nestformann, men årsmøtet vedtok til sist å halde desse u - endra på kr. 5.000 og kr. 2.500,-

Den saka som vart mest diskutert på møtet, var framlegget frå administrasjonen i selskapet om vedtektsendringar i § 6. Framlegget gjekk kort sagt ut på at Sunnylven ikkje lenger skulle ha krav på ein styremedlem i laget, at formannen skulle veljast på fritt grunnlag og at ei valnemnd skulle førebu vala til årsmøtet. Særleg punktet om at Sunnylven ikkje skulle vere sikra representasjon i styret, vekte motstand på årsmøtet. Både talarar frå Sunnylven og Sykkylven meinte at dette ville vere eit brot på føresetnadane som sunnylvingane i si tid teikna aksjar u der. Bernt Tandstad sitt framlegg om å utsetje saka til neste årsmøte, og få spørsmålet om vedtektsendringar skikkeleg juridisk utgreidd, vart til sist godteke av eit samrøystes årsmøte.

Sykkylven mållag hadde i brev til årsmøtet kritisert at deler av selskapet nyttar bokmål som administrasjonsmål, og etter framlegg frå Tandstad, vart det vedteke at styringsmålet i Billaget skal vere nynorsk, og at dette ved høve skal passast inn i vedtektene.

På slutten av møtet minntest Weiberg –Aurdal i ein tale ein trugen medarbeidar i selskapet, Ole Jonsen, som nyleg er avliden.

Som avslutning på årsmøtet fekk deltakarane servert velsmakande rjomegraut.

Frå årsmøtet: Frå v.: nestformann Karl Berge, formann Arnold Weiberg – Aurdal og disponent Frode Drabløs.

Arbeidet på Ljøvegen utsett på ubestemt tid

Som fortalt i førre nummer,hadde Vegstellet planlagt å stenge Ljøvegen ved Ljønibbetunnelen frå den 26 - 28 april. Men grunna transportkonflikta, vart det ikkje mogeleg å skaffe olje til arbeidet med å penetrere dekket i tunnelen. Arbeidet i Ljønibbetunnelen vart difor utsett på ubestemt tid, opplyser oppsynsmann Kleppe til »Sunnylvingen». Når det vert aktuelt å setje arbeidet i gang, og vegen skal stengjast, vil dette bli kunngjort nærare, fortel Kleppe.

DEI SISTE TRENINGSKAMPANE

Sunnylven sitt 6. divisjonslag har spela to treningskampar mot Valldal – og har måtte tålt nederlag i begge kampane.
Første kampen gjekk på grusbana på Stranda og her vart det ein fortent 3-2 siger til Valldal etter ein heller svak kamp av sunnylvingane.
Valldal tok leiinga etter ca. 20 minutt, men 10 min. seinare utlikna Bjørn Fiske etter eit godt oppbygd angrep.
I andre omgang gjekk Valldal opp til 3-1 etter to store forsvarstabber av Sunnylven. Nils Ringseth laga alle måla til Valldal.
Sunnylven reduserte seinare ved Ole J Lillestøl.
Som nemnt svakt spel av Sunnylven, der berre Steinar H Ringdal kan få godkjent karakter.
Dommar: Steinar Klokkseth.

I den andre kampen, som gjekk i Valldal på grus, vann og Valldal, no med 5-3. Dette var ein fortent siger, og Valldal leverte ein gjennomført god kamp. Sunnylven mangla 5-6 spelarar. Olav Lillebø gav Sunnylven leiinga 1-0 og Valldal utlikna slik at pauseresultatet vart 1-1.
Sunnylven hadde eit bra grep på denne omgangen.
I andre omgang gjekk Valldal opp til 4-1 leiing før Olav Lillebø på ny reduserte. Laga fekk så kvar si scoring til, og for Sunnylven var det Jan Bjørdal som netta.
Dommar: Inge Lilleås som godtok noko hardt spel.

22. april spela Sunnylven mot VRF sitt B- lag på grusbana på Stranda.
Her hadde Sunnylven eit bra tak på 1. omgang, som enda 1-1. Men i 2. omgang vart det mest berre einvegskøyring , og Sunnylven vann til sist heile 6-1. Måla til Sunnylven vart sette inn av Steinar Ringdal, Olav Lillebø, Arild Ringdal og Ole J Lillestøl (3).

STIG HOEL FERDIG FOR SESONGEN ?

I denne kampen vart Stig Hoel skadd i kneet. Han har fått eit brot i kneskjelet, får vi opplyst, og er no gipsa.
Dermed er det fåre for at den gode backen er ute av biletet for kanskje heile 82- sesongen. Synd både for Stig og for laget.

Damelaget har og spela to kampar sidan sist.
Først slo dei Stranda sitt jentelag med 2-1 i ein svak kamp. Siv Banken og Barbro Relling laga måla for Sunnylven.
Langt betre innsats og tilløp til bra spel var det då Sunnylven på heimebane slo Sykkylven sitt damelag heile 4- 0 søndag.
Heimelaget låg stort over i spel og leia 3-0 ved pause. To av dese måla vart laga av nyinnmelde Kristin Myking, som vil bli ei fin forsterking for laget. Ho avslørte god teknikk, godt blikk for spelet, og fram for alt stor fart. Siv Banken laga det tredje.
I andre omgang vart det med berre ei scoring. Oddhild Gjørvad sette eit hjørnespark rett i mål via keeper. Trass i ei mengd sjansar, ebba kampen ut med 4-0.
Bra laginnsats av Sunnylven, der forsvaret var patent, men spelet framover gleid ikkje alltid like godt.
Dommar: Ole Aasen.

Kristin Myking.

FIN INNSATS I OLDEN

Sunnylven IL opna stafettsesongen i Olden søndag. Her stilte dei med 3 lag – eit senior og to Old Boys lag.
Og ein må seie seg godt nøgd med resultata laga nådde. Særleg imponerte »gamlegutane» sitt 1. lag med å ta ein fin 3. plass av dei 12 startande laga. 2. laget hadde to lag etter seg i mål. Det opna godt for seniorane og. Laget låg langt framme i starten. Men så var ein av sunnylvingane uheldig og misste eine skoen tidleg på ei 800 m lang etappe. Han fullførte likevel etappa i stor fart med berre ein sko. Det var likevel umogeleg ikkje å tape nokre plassar på dette uhellet. Så i mål var Sunnylven nr. 7 av dei 14 laga og tok plassen bak »erkerivalen» Norangdal.
Olden stafetten samla i år heile 61 lag til start, noko som er ny rekord, men diverre var veret dårleg under løpa.

Resultata:
Senior:

Tambarskjelvar	9.09
Olden	9.11
Jølster	9.13
Hyen	9.28
Breimsbygda	9.30
Norangdal	9.34
Sunnylven	9.38

Old boys:

Fjellhug/Vereide	7.39
Sandé	7.48
Sunnylven	7.53
.....	
Sunnylven II	8.34

Old - boys laget som sikra seg ein sterk 3. plass i Olden - stafetten. Frå v.: John Arne Langeland, Kjell Berge, Lars Petter Knivsflå, Olav Heggen og Jørgen Wollsæter. (Foto: k.m.)

Stranda-cup i friidrett

Stranda-cupen i friidrett startar med stemne på Stranda 4. mai. Born 10-18 år tevlar i øvingane 100 m, lengde m/tilløp og kule. I tillegg kan born under 10 år og stille opp.
I tillegg til dei 5 løpstevlingane, vert det altså i år og 3 tevlingar i hopp og kast med samanlagtpremiering i kvar gruppe for seg.
Neste stemne i Stranda-cupen vert i Sunnylven 8.juni. Det vert eit terrenglaup med distansene 800 m for born 10-12 år og 1500 m for born 13-18. For alle aldersgrupper vert det kast med liten ball og lengde med tillaup.

I.R.

Laga til Breim– og Holmenkollstafetten

Friidrettsgruppa i Sunnylven Il har teke ut laga som skal delta i Breim- stafetten komande søndag og i Holmenkollen helga etter.
I Breim stiller Sunnylven både A- lag i klasse B og Old Boys-lag. Desse spring henholdsvis 10 og 8 etapper, og Sunnylven har 26.39 og 17.45 som sine bestetider i dei to klassene. Skal vi tippe at i alle fall ei av desse tidene vert slegne ?
Laga og etappelengdene i Breim:
Senior:

1.	1600 m	Olav Ringdal
2.	870 m	Inge Røyrhus
3.	1100 m	Svein Rusten
4.	350 m	Jens Olav Sæten
5.	800 m	Leif Egil Åsen
6.	900 m	Inge J Tryggestad
7.	1020 m	Per I Karbø
8.	830 m	Amund Hole
9.	630 m	Fredrik Helset
10.	450 m	Torbjørn Ryssevik

Old Boys

1.	800 m	John Langeland
2.	800 m	Kjell Berge
3.	870 m	Paul Tronstad
4.	1100 m	Lars P Knivsflå
5.	350 m	Jørgen Wollsæter
6.	800 m	Einar Stokke
7.	680 m	Arne Korsbrekke
8.	450m	Olav Heggen

Holmenkollstafetten har som kjent 15 etapper. Sunnylven IL har her si bestetid på 54.02,7 i klasse 2, og er sjølvsagt ute etter å slå denne. På papiret synest og laget å vere jamnare og sterkare enn på lenge, så vona om ny rekord er der. Sunnylvingane stiller i denne rekkefølgje:

1.	1200 m	Per Ingebrikt Karbø
2.	1100 m	Lars P Knivsflå
3.	480 m	Torbj.Ryssevik
4.	1700 m	Inge Røyrhus
5.	1360 m	Arild Nybø
6.	1870 m	Andreas Ringdal
7.	1800 m	John Langeland
8.	650 m	Jens Olav Sæten
9	2800 m	Olav Ringdal
10.	1250 m	Svein Rusten
11.	370 m	Amund Hole
12.	1210 m	Kjell Berge
13.	680 m	Leif Egil Åsen
14.	810 m	Inge J Tryggestad
15.	600 m	Fredrik Helset
Reserve:		Eldar Frøysa

Fotballkamp
GUTAR
SUNNYLVEN–GODØY
På Leikvoll, fredag 30.4
Klokkeslett: Sjå plakatar

Samlagsmeisterskapet:

Ivar Fivelstad og Rolf Matvik klassevinnarar

Under det årlege samlagsmeisterskapet fekk sunnylvingane vist god breidde i dei forskjellige klasser. Såleis kan ein nemne at nesten alle som deltok frå Sunnylven fekk gåvepremie.
Rekrutten Ivar Fivelstad gjekk heilt til topps, bokstaveleg tala, då han som einaste skyttar skaut fullt hus 30 treff. Rolf Matvik stod også for ein flott innsats ved å bli nr. 1 i klasse 3 med 29 treff. Totalt etter den ordinære skytinga (30 skota), var Rolf Matvik nr. 2 berre slegen av 4. klassingen Leif Klakken, også han med 29 treff. Vår storskyttar i vinter, Terje Nybø, hadde også 29 treff. Under skytinga om meisterskapstittelen (6 kne og 6 liggande), hadde sunnylvingane desse med: Rolf Matvik på skive 2 og Terje Nybø på skive 3. Desverre fekk Matvik øydelagt geveret sitt like før denne skytinga, slik at han her vart utan treff. Terje Nybø fekk 5 treff på omgangen.Han blei såleis den beste frå Sunnylven med totalt 34 treff.
Resultata frå samlagsstemnet på Brunstad:
Smårekrutt:
3. Egil Jarle Frøysa 27/20
Rekrutt:
Saml.meister Ivar Fivelstad 30/13
17. Arne Storstein 18/6
Junior:
3. Olav Elling Gausdal 25/17
Klasse 1:
2. Asbjørn Nybø 23/10
Klasse 2:
5. Rune Tryggestad 22/15
9. Håkon Hasle 21/12
Klasse 3:
Saml. meister Rolf Matvik 29/15
Klasse 4:
2. Terje Nybø 29/13
Skyting grunnlag gav gåve - premiar til desse sunnylvingane: Erling Vollset, Mindor Ljøen, Jan Erik Øksvang, Rune Tryggestad, Knut Sundgot, Leif Fivelstad, Kjell Hole, Oddvar Ty - nes, Håkon Hasle, Asbjørn Nybø og Inge Fivelstad.

Under den avsluttande skytinga i Hornindal 2. påskedag om karusell 1 medaljer, fekk vi ein klar vinnar i Terje Nybø med 86 tr. av 90 mogelege. Han fekk gylt medalje for dette. 3. plass vart det til Ivar Hauge med 75 treff. Under den ordinære skytinga vart Terje Nybø nr. 2 i si klasse med 28/16 treff. Ivar Hauge vart nr. 4 i klasse 2 med 24/14 og Mindor Ljøen nr. 11 med 20/12 i klasse 3.
Neste storstemne som vi ventar at det deltar mange frå Sunnylven i, er i morgon 1. mai på Grotli og i Eidsbygda 2. mai.

J.E.Ø

VINNARAR I SUNNYLVS-CUPEN

Sunnylvscupen i langrenn vart også i år ei vellukka tilskiping. Rundt 50 born fullførte såleis minst tre av renna i cupen, og vart dermed premierte.
No drygde det noko før laget fekk premiane tilsendt, men i førre veke var det klart for premieutdeling. Ho gjekk føre seg ved Sunnylven skule, og på biletet har vi samla vel 30 av dei glade premievinnarane. Samstundes med premiane for Sunnylvscupen, vart og premiane til lagsmeisterane delte ut.

HJARTELEG TAKK

for gåver, blomar og helsingar til 50 - års dagen min.

KNUT J. TRYGGESTAD

HYGGEKVELD

på Sunnylven Samfunnshus laurdag
8. mai kl. 19,30 – 23,-.

Program:
Film m/orientering om narkotika og alkohol.
Sal av pølser og brus, kaker og kaffi. (Billeg)
Lynutloddning.
Diskotek.

Gratis adgang!

Alle mellom 14 og 100 år hjartleg velkomne.

Lions Club Hellesylt.

RUINER PÅ FRØYSA-SÆTRA

Vi har tidlegare fortalt om fonna som tok ut delar av Frøysa - setra og øydela to hytter og nokre sel. På biletet ser vi dei sørgjelege restane av dei to fine hyttene som stod på sætra. *(Foto: k.m.)*

OBS! **OBS!**

GOLVBELEGG – TAPET – MÅLING – BEIS

kontakt

Stranda Interiør a.s
6200 STRANDA
Telefon (071) 60 533

SI

TRYGG
fra Jonas Øglænd A.s

norsk toppkvalitet
bygget for norske forhold.

VI HAR SYKLER TIL ALLE.
Ta turen innom å se våre gunstige priser.

FRODE'S
SPORTSENTER PÅ STRANDA **sport as**
Tlf. 60 890 - Privat 60 959

VICO's

NYE SMÅFE-INNREDNINGER

Vico Maskin A/S har i samarbeid med a.s Stålvarer, Stranda, utviklet en ny utgave av Vico-innredningen og strekkmetallrister.
Flere nye detaljer.
Førsteklasses kvalitet.
Standard mål på rister:
2x1 m – 2 x 0,50 m
1,80x1 m – 1,80x0,50
Også strekkmetall uten rammer.
Andre mål på bestilling.
Dekker godt byggeforskriftenes krav.
Svært prisgunstig.

VICO Maskin a.s
6200 STRANDA – TLF. 071-60 511

SKOGDAG

Skogdag ved Danefossen på Frøysa
torsdag 6. mai kl. 11,-.

Verneutstyr ved skogsarbeid.
Demonstrasjon av felling/kvisting.
Jordbrukstraktor m/skogsutstyr.
Orientering om aktuelt skogbruksstoff.
Kaffe – Mat.

Sunnylven Bondelag Skogoppsynet

GODT UTVALG

I VÅRENS KLÆR

Gro - utsalget

Tlf. (057) 79 505
6790 HORNINDAL

NIKE VINNERNE

GÅ TIL G-SPORT
Fagfolk bak disken.

Nike, Amerikas ledende produsent av løps-, jogge- og spesialsko. Verdensrekorder i friidrett, Wimbledonvinner i tennis, landslagssko i orientering og utallige seiere over hele verden. Gjør som Sebastian Coe og John McEnroe, velg Nike. Vi har utvalget for konkurranse, trening og fritid.

① **Nike Tailwind**
Nikes berømte joggesko med gass-såle. .... Kr. **459,-**

② **Nike Waffle II**
Bestselgeren i flere sesonger. ..... Kr. **308,-**

③ **Nike Magnum**
Trenings- og konkurransesko. ..... Kr. **308,-**

④ **Nike Yankee**
Meget myk og komfortabel sko. ..... Kr. **289,-**

SPORT

PEDER Gjærde A/S

Siste nytt

Skjønn Jeunesse modell i skinn med metallic innfletting på forblad. Moteriktig hæl.

235-

Det er vi som har utvalget

EURO SKO

BRØDR. Rusten as
6200 STRANDA Tel. 071. 60025

10

Din ferie 1982

MERK DEG DATOEN

10. MAI

Melder du deg på ein av våre utanlandsturar før denne dag vil du spare **KR. 150,-**

SSB REISER

Sykkylven
Tlf. 51 688

GÅ MED GULL

Gi konfirmanten noko ekte – som varer!

Gullsmed EMDAHL STRANDA

VÅRTILBOD PÅ MÅLING OG BEIS

÷ *20 % på all utvendig måling og beis i 10 l. spann før 15. mai.*

Kjente merker som TREBITT – DEMIDEKK – BUTINOX – ODEL – STABEIS – VARI OG DRYGOLIN

Priseksempel 10 liter spann:

ODEL gardsmåling raud ..... No kr. 173,-
NODEST husmåling ..... No kr. 238,-
ALNA STABEIS ..... No kr. 240,-
DENAR siloolje. ..... No kr. 250,-

Sykkylven Fargehandel a/s

Tannlege Claus Ryste

STRANDA
tek imot pasientar alle dagar.
Timebestilling i tlf. 60 702.
Adr.: 3. etg. i gamle P. I. bygget.

Hei alle born!

Hønsehuset er kome

Ja, no byrjar snart Sparebankgarden å ta form. Har du klart å spare loa full? Då kan du kome i banken og tøme den, og få med deg hønsehuset og gardsplassen til garden. Har du høyrt om Sparebankgarden?



SPAREBANKGARDEN FÅR DU I

SUNNYLVEN SPAREBANK

EN RIKTIG "KLOK" konfirmantgave

Stranda Bokhandel

OPNINGSTIDER FOR BIBLIOTEKET I SUNNYLVEN

ONSDAG	1600 – 1800
LAURDAG	1100 – 1300

Flagg - stenger

Stativ og flagg
Aluminiumsstiger
Galvaniserte stålstiger
Törkestativ
Hageporter
Rekkverk
og strekkmetalltrapper

VICO Maskin a.s

Distriktets jordbruks- og servicesenter

6200 Stranda
Tlf. 071 – 60 811

VÅR Nytt!

Vi har nå et stort utvalg i dame- og pikebluser, gutteskjorter, vester og jakker i vårens og sommerens farger.

Elles har vi godt utvalg i cord-bukser for damer, herrer og barn.

Stretch-bukser for damer og herrer, og ellers mye mer.

Det kan også være verdt å ta en titt på våre billig-stativ !

VELKOMMEN INNOM FOR Å SE VÅRT GODE UTVALG OG PRISER !

Hilsen

SK DESIGN

Sunnmørsklær A/S

Tlf. 60 388 – 6200 Stranda

mazda mazda mazda mazda mazda mazda

Karstad
Karstad & Co. A.S
(057) 71011
Stryn

Mazda i Nordfjord

Bruktbil

Størst utvalg av bruktbil i Nordfjord. Finn du hos

Karstad

Stryn eller Måløy

	Kr.		
81 Mazda 929 L	71.800	76 Datsun 100 A	25.900
80 Mazda 626 2.0 DL	59.900	76 Renault 16 TL	29.600
80 Talbot Solara	57.900	76 Vauxhall Chevette	23.800
79 Mazda 626 2.0 DL	55.700	76 Opel Kadett City	30.800
78 VW Passat LS	54.300	76 Mazda 616 DX	31.800
78 Mazda 818 stv.	35.700	76 Escort 1600 Sport	33.900
78 Mazda 818 DX	36.800	75 Mazda 929 Sed.	29.900
77 Escort 1.3 stv.	37.800	75 VW 1200	18.800
77 Opel Kadett C	35.700	75 Mazda 1300 stv.	23.800
77 Mazda 818 stv.	34.300	75 Ford Escort	23.800
77 VW Polo LS	36.900	73 Opel Ascona	22.400
		73 Audi 80 S	20.900
			18.900

Ta turen innom.
Stort utval til rett pris.
Ope også laurdag.

AVBETALING – FINANSIERING – GARANTI

Stryn - 71 011 Karstad & Co. A.S Måløy - 51 002

mazda mazda mazda mazda mazda mazda

Konfirmantgaver

- Håndveske
- Skulderveske i lær
- Lommebok
- Portemoné

- Skrivepapir
- Pennesett
- Fotoalbum

Stort utvalg i konfirmantkort

Stranda Bokhandel

"KOM MAI DU SKJØNNE-MILDE"

HEILSJEKK AV VÅRGARDEROBA MÅ TIL

KJOLAR FOR KONFIRMANTEN	BLAZERJAKKER GEIGERJAKKER	BLUSAR – SKJÖRT KJOLAR – DRAKTER
SOMMERJEANS BERMUDASHORTS PIRATBUKSER	SOMMERANORAKKER VINDJAKKER CATALINAJAKKER	T-SKJORTER STORSKJORTER GENSERAR

Toppaktuelt nytt får du hos

STRA·HO·FA AS

DEI UNGE SETTE SITT PREG PÅ MINI-KAPPLEIKEN

Den årvisse kappleiken for spelemenn frå Indre Nordfjord og Sunnmøre vart skipa til på Sunnylven Samfunnshus laurdag, med Stranda Spelmannslag som vertskap. Det vart tevla både på vanleg fele og hardingfele – både individuelt og i lagspel. Frammøtet var kanskje ikkje så godt som ein kunne vone. Men det får transportkonflikt og Melodi Grand Prix ta sin del av skulda for. Men det var fin kvalitet over mykje av spelet som vart vist. Knut Jarle Kroken frå Hornindal gjekk til topps i kappleiken – menden store publikumssyndlingen vart utan tvil 10 - år gamle Anbjørg Lien frå Sula- laget »Måltrosten».

Då unge Anbjørg var i aksjon, vart det fort heilt tyst i salen, og vi såg røynde dommarar legge frå seg blyanten, smilande lene seg attende i stolen og berre lytte.Og då ho avslutta den andre slåtten, braka applausen laus. Det var eit sjeldan stort talent vi fekk høyre denne kvelden, noko og dommarpoenga vitnar om !

Men for å byrje med byrjinga. Petter Lødøen, formann i Stranda Spelmannslag, ønskte alle velkomne, etter at Stranda Spelmannslag hadde opna med feiande tonar.

Deretter fekk vi tevlinga på vanleg fele, med Svein Nesje og Ragnvald Lunde frå Hornindal og Ellef Hjellbakk frå Stranda som dommarar. I denne klassa gjekk Arne Fedt frå Stranda til topps, og han var den einaste som fekk 1. premie.

I hardingfeleklassa var nivået høgare. Her vart det delt ut heile 8 førstepremiar - og heilt til topps gjekk altså Knut Jarle Kroken frå Hornindal.

I lagspelet vart det 1. premiar til Hornindal og Stranda, medan Kjellstadguten fekk 2. premie og »Sylvelin» 3. premie av sunnylvslaga.

3. premie vart det og til Svenn Ole Dybvik frå Kjellstadguten i individuelt spel på hardingfele.

Etter kappleiken var det så svingom til musikk av spelemennene.

Resultata:

Vanleg fele kl. B:	
Arne Fedt, Stranda, 1. pr.	249
Jon Tvinnereim,Volda,2.pr.	237
Jon Dimmen,Stranda,2.pr.	222
Hardingfele kl. C:	
Anbjørg Lien,Måltr. 1.pr.	252
Janne Måseidvåg,do, 2.pr.	191
Brite Vegsund,do, 2.pr.	194
Kari Molvær,do, 2.pr.	187
Tone Skaar,do, 3.pr.	176
Svenn Ole Dybvik,Kj.g. 3.pr.	173
Dag Iversen,Måltr. 3.pr.	173
Hardingfele kl. D:	
Ragnvald Lunde,Horn.,1.pr.	257
Lars Nygård,do, 3.pr.	184
Hardingfele kl. B:	
Knut J Kroken,Horn. 1.pr.	261
Ellef Hjellbakk,Stranda 1.pr.	257
Svein Nesje,Hornindal, 1.pr.	257
Kåre Tvinnereim,do, 1.pr.	253
Leikny Åsen Rogne,Åle.1.pr.	251
Rasmus Brendefur,Ho. 1.pr.	249
Torunn Raftevold,do, 2.pr.	235
Gunn Gausemel,do,2.pr.	228
Øystein Fjørstad,Str. 2.pr.	212
Lagspel, vanleg fele, jr. lag:	
Sylvelin Sp.m. lag, 3.pr.	185
Lagspel, hardingfele, jr. lag:	
Måltrosten, 2. pr.	231
Lagspel hardingfele:	
Hornindal , 1.pr.	264
Stranda,1.pr.	258
Ålesund, 2.pr.	237
Kjellstadguten, 2.pr.	214

Frå kappleiken. På biletet ser vi 10- år gamle Anbjørg Lien i aksjon. Ho leverte ein mest utruleg god prestasjon og fekk stor fagnad for spelet sitt.
Under: Spelmannslaget »Sylvelin», er rekrutteringslaget til »Kjellstadguten». Her saman med leiaren sin Anders Langøyli.

VÅRENS MOTAR

Det var mange interesserte som fann vegen til mannequinframsyninga som dei to butikkane Beatrice og Bestmann skipa til på Sunnylven Samfunnshus sist fredag.

Her fekk ein sjå dei siste vårmotane både for kvinner og menn , presentert av konferansier Arne Aambakk og unge mannequinar.

Mat og kaffi vart servert og det var og ei rask utlodding, der dei heldigaste vann gåvekort frå dei to butikkane.

På bileta ser vi Anne Britt Sårheim og Lene Ringdal presentere siste nytt frå Beatrice, og til høgre vert motar frå Bestmann vist fram.

Hyggjekveld

Laurdag 8. mai byd Lions Club inn til hyggjekveld på Samfunnshuset. Denne kvelden er ein lekk i den aksjonen mot narkotika og rusgifter som klubben har delteke i i vår. På festen vert det synt film og orientert om alkohol og narkotika.

Det vert og delt ut gratis smaksprøver på alkoholfrie drinkar og mat og kaffi vert å få kjøpt for ein rimeleg penge.

Utover kvelden vert det dans til diskotek-musikk, og Lions ønskjer alle mellom 14 og 100 år hjarteleg velkomne.

(Sjå annonse.)

70-års fest

Laurdag 1. mai byd Sunnylven sanitetslag alle interesserte inn til feiring av 70 - års jubileet sitt. Det er lagt opp til eit variert program, der kretsformann Borghild Resell held festtalen.

På festen vert det og song av Hellesylt Songlag og nokre Røyrhuskvinner. Det vil og bli gjeve eit attersyn på lagssoga, og sjølvsagt vert det bevertning.

Sanitetslaget vonar at svært mange vil finne vegen til Samfunnshuset denne laurdagen.

Holmenkollstafetten.

Frammøte ved stafettkontoret Glykstadgt. 5., laurdag kl. 19.00.
Krumgt. søndag kl.11 presis

Turistinform. Hellesylt

Ved turistinformasjonskontoret på Hellesylt er det for sommaren - 82 ledig 1-2 stillingar.
Søknadsfrist 3. mai.
Nærare opplysninga hjå Asbjørn Saarheim.
Tlf.: etter kl. 15.00 63224

Nemnda for turistfremjande tiltak i Sunnylven

Miniatyrskytebane på den nye aldersheimen ?

Sunnylven Skyttarlag v/ Jan E Øksvang, har vendt seg til kommunen med forespurnad om å få nytte eit rom i kjellaren på aldersheimen som skal byggast til miniatyrskytebane.

Skyttarlaget meiner at dei eldre på den måten vil kunne få halde god kontakt med ungdom, og laget vil og om ønskjeleg skipe til miniatyrskyting for dei eldre visse kveldar.

Skyttarlaget vil påta seg ansvaret for oppbygging av skivetrekk og kulefangarar m.m., og dei vonar på eit raskt og positivt svar frå kommunen.